

Referat frå FAU møte Møhlenpris skule og oppveksttun 5.juni 2020

Til stades: Aasmund, Espen, Andreja (møteleiar), Kjartan (rektor), LisBeth, Elisabeth, Mona, Jeanett og Solveig (referent).

Fråfall: Ingeborg (kasserer)

1. Protokoll fra forrige møte

Protokoll frå sist møte delvis godkjend. Innspel frå Andreja og Solveig vidaresendast rektor som oppdaterer og legger ny versjon ut på skulens FAUside.

2. Godkjenning av innkalling

Saksliste godkjend.

3. Saker fra rektor

Orienteringer frå rektor om personalkabal og tal på opptak i skulekretsen. Skulen er i overkant full. Ikkje mulig å ta inn elevar utanfor skulekretsen.

Personalet kjem til å jobbe med implementering av ny lærarplan til hausten.

4. Evaluering hjemmeskole

Ulik oppfatting blant klassekontaktane om korleis heimeskule under koronatida frå mars til etter 20. mai fungerte. Frå 7. trinn fungerte det passe godt før påske.

Ukeplanar blei fulgd, men litt ujamn oppfølging over nett. Etter påske fungerte det stort sett godt. Hjalp med morgonmøte kvar morgon over zoom. Veldig positivt at lærarane satt elevane i gang, og at dei hadde gruppesamtaler midt på dagen med elevane.

For elevar i småtrinna som ikkje hadde eigen heime-pc har det vore utfordrande å skulle følgje opp elevar heime og eigen jobbkvardag.

Saken blir fulgd opp neste FAUmøte og ein ber om at klasserepresentantar/rektor utarbeida reit skriv med inntrykk av både problemområde og positive erfaringar hausta frå arbeid med heimeskule.

5. Innkomne saker

Solveig rapporterte at blomster og sykkelarrangementet var som venta lågare besøkt. Ønske for neste år er at fleire representantar frå FAU også er med på arrangementet.

Vi har i alt fått 10.000 i støtte frå Bergen kommune til arrangementet og det er ønskelig at fleire elevar og vaksne blir med. Vi har planta både bær og grønnsaker. Stor entusiasme frå elevar i småtrinna som deltok.

Neste muligheit er 10.juni. Då plantar vi mellom anna poteter og plommetre.

Vi oppfordrar skulen til å ta med seg elevane på innhaustingstur til hausten.

Skulen har fått eit eige bed på andre sida av Nobel Bopel.

Aasmund foreslår at skulens FAU samarbeider med Hulen om å få til eit felles Halloween arrangement til hausten så alle ungar får muligheit til og samlast på in felles fest.

Jeanett er positiv til å vere leiar av FAU frå hausten av. Neste møte etter skulens oppstart.

Eventuelt